



**FYLKESMANNEN I ROGALAND
UTDANNINGSAVDELINGA**

TILSYN MED KLEPP KOMMUNE

TIDSPUNKT: 9. desember 2010 Vår ref: 10/10325

KOMMUNEN SI ADRESSE: Klepp kommune, Postboks 25, 4358 Kleppe

KOMMUNENUMMER: 1120

TILSYNSGRUPPE: Hanne Sørli Ronæss, Jorunn Helland, Randi Gording

**KONTAKTPERSON
I KOMMUNEN:** Willy Ulvang

Heimel for tilsynet

Heimelen for Fylkesmannen sitt tilsyn er barnehagelova § 9, andre ledd:
Fylkesmannen fører tilsyn med at kommunen utfører de oppgaver den som barnehagemyndighet er pålagt etter denne lov.

Tema for tilsynet

Tema for tilsynet var kommunen som lokal barnehagemyndighet, og med fokus på disse områda:

- Kommunen sitt tilsyn med barnehagane, jf. barnehagelova § 16,
- Kommunen som godkjenningmyndighet, jf. barnehagelova § 10

Fylkesmannen avdekte følgjande avvik under tilsynet

Avvik 1

Klepp kommune dokumenterer ikkje dei vurderingane som grunngir godkjenningsvedtak etter barnehagelova.

Avvik 2

Klepp kommune sine rutinar for tilsyn er ikkje fullt ut eigna til å sikre at barnehagane blir drivne i samsvar med alle krav i barnehagelova med forskrifter.

Merknad

Kommunen sitt delegeringsreglement er ikkje oppdatert i høve til gjeldande barnehagelov, og underskrifter på godkjenningsvedtak stemmer ikkje med vedtatt delegering.

Stavanger, 6.januar 2011

Hanne Sørli Ronæss
rådgjevar/tilsynsleiar

Jorunn Helland
rådgjevar

Innhold

1. Innleiing
2. Dokumentunderlag
3. Avvik
4. Merknad
5. Gjennomføring
6. Oppfølging

Vedlegg

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Vedlegg 2: Oversyn over personane frå kommunen som var direkte involverte i tilsynet

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter tilsyn med Klepp kommune 9. desember 2010. Tilsynet er eit ledd i Fylkesmannen sitt tilsyn med kommunen som barnehagemyndigheit. Tilsynet er utført som systemrevisjon og er retta mot kommunen som barnehagemyndigheit for offentlege og private barnehagar.

Tilsynet fokuserer på om kommunen oppfyller visse lovkrav innanfor oppgitt emne, sjå ”Tema for tilsynet”, og rapporten viser avvik og merknader som blei funne under tilsynet. Rapporten gir såleis inga fullstendig tilstandsvurdering av kommunen som barnehagemyndigheit.

Formålet med tilsynet var å vurdere kva Klepp kommune som barnehagemyndigheit gjer for å ivareta ansvar og plikter som er fastsette i regelverket. Tilsynet omfattar kommunen sine rutinar og system for å ivareta lovkrav, ikkje personrelaterte forhold. Tilsynet omfattar mellom anna undersøkingar om:

- aktivitetar blei utførte som dokumentert og uttalt
- kommunen driv verksemda si innanfor eigne rammer og dei rammene styresmaktene har sett

Tilsynet vart gjennomført ved gransking av dokument, ved intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen og ved verifikasjon av om reglar og rutinar blir følgde opp i praksis. Eventuelle funn ved tilsynet blir formulerte som avvik og/eller merknader.

AVVIK: blir definert som mangel på oppfylling av krav fastsett i eller i medhald av lov eller forskrift.

MERKNAD: gjeld forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen for avvik, men som tilsynet meiner det er nødvendig å påpeike slik at kommunen kan betre forholda.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for tilsynet var:

- Lov om barnehagar
- Forskrift til barnehagelova
- Dokumentasjon frå kommunen (vedlegg 1)

3. Avvik

Avvik 1

Klepp kommune dokumenterer ikkje dei vurderingane som grunngir godkjenningsvedtak etter barnehagelova.

Avvik frå

Barnehagelova § 10, jf. forvaltningslova §§ 17, 23, 24 og 25.

Lovkommentar

Kommunen avgjer i medhald av § 10 i barnehagelova søknad om godkjenning av barnehagar etter ei vurdering av om barnehagen er eigna i forhold til lova sine reglar om føremål og innhald. Kommunen skal gjere ei konkret vurdering av dei fysiske rammene, dvs. om lokale og uteområde er eigna for barnehagedrift. Kommunen skal fastsetje leike- og opphaldsarealet inne, gi ei vurdering av om bemanninga er forsvarleg i høve til pedagognorma, kontrollere vedtektene og klargjere eventuelle vilkår stilte av andre instansar.

Kommunen si godkjenning av barnehagar etter barnehagelova er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova og skal vere skriftleg og grunnsett. Forvaltningslova sine reglar skal sikre at sakene blir grundig og objektivt utgreidde. For små kommunar er det viktig at habilitetsforhold ikkje gjer det vanskeleg å få ei korrekt behandling av godkjenningssøknader. Barnehagemyndigheita må ha legitimitet og tillit i befolkninga.

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

- Godkjenningsvedtaka består i nokre tilfelle berre av Kunnskapsdepartementet sin blankett for godkjenning, og det manglar saksutgreiing.
- Dei saksutgreiingane med vedtak som er lagde fram inneheld konklusjonar, men viser i liten grad dei skjønsmessige vurderingane som er gjorde i forhold til om bl.a. lokale og uteområde er eigna. Intervjua viser at kommunen gjer nokre vurderingar, men at dei ikkje blir skriftleggjorde.
- Vedtak om godkjenning etter barnehagelova viser ikkje kva for vurderingar og vedtak som er fatta av andre myndigheiter etter anna regelverk.

Avvik 2

Klepp kommune sine rutinar for tilsyn er ikkje fullt ut eigna til å sikre at barnehagane blir drivne i samsvar med alle krav i barnehagelova med forskrifter.

Avvik frå

Barnehagelova § 16, jf. forvaltningslova § 28 jf. § 2b.

Lovkommentar

Kommunen som barnehagemyndigheit skal føre tilsyn med den einskilde barnehage. Kommunen skal gjennom si tilsynsverksemd sjå til og sikre at barnehagane i kommunen driv i samsvar med gjeldande regelverk og elles er forsvarlege. Tilsynet etter barnehagelova skal omfatte alle krav stilte i lov og forskrifter. Tilsynsansvaret omfattar også tilsyn med innhald og kvalitet i barnehagen. Samfunnsmandatet til barnehagen er gitt i Rammeplanen, som er ein reiskap for barnehagen sine tilsette og eit grunnlag for kommunen sitt tilsyn med verksemda.

Kunnskapsdepartementet sin rettleiar ”Tilsyn med barnehagar” viser til at kommunen sitt tilsynsansvar er ei omfattande oppgåve som gjer det nødvendig å ha ein plan med omtale av kva tilsynet omfattar og kor ofte det skal utøvast. Kommunen si organisering av tilsynet må sikre reell likebehandling av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar.

Som barnehagemyndigheit skal kommunen også kontrollere at opplysningar gitt av eigar om talet på barn, barna sin alder og opphaldstider, stemmer overens med dei faktiske forhold og med godkjenninga. (Barnehagelova §§ 8, 10 og 16.)

Avviket er basert på følgjande observasjonar:

- Klepp kommune sikrar ikkje likebehandling mellom kommunale og private barnehagar ved sitt tilsyn.
Klepp kommune har ulike rutinar for tilsyn med kommunale og private barnehagar, og skil i liten grad mellom eigar- og myndigheitsrolla. Tilsynsskjema for private barnehagar omfattar dei sentrale krava i lov og forskrift. Tilsynet med dei kommunale barnehagane inngår i utviklingssamtalene kommunen som eigar har med styrarane. Desse samtalane har eit anna føremål, og er konsentrerte om rammeplanen sine krav til innhald. Øvrig tilsyn med kommunale barnehagar blir til dels fanga opp av andre rutinar, men er ikkje planmessig gjennomført.
- Klepp kommune har ikkje ein fullstendig plan for tilsyn. Klepp kommune si rutinebeskriving for tilsyn viser årleg framdriftsplan for kommunale og private barnehagar, men omfattar ikkje føremålet med tilsyn, rutinar for varsling, rapportering, oppfølging og delegering av myndigheit til å utføre tilsyn og til å gi pålegg.
- Kommunen sitt delegeringsreglement er ikkje oppdatert i høve til gjeldande barnehagelov og i høve til at underskrifter på tilsynsrapportar og pålegg om retting ikkje er i samsvar med vedtatt delegering.
- I eitt tilfelle har Klepp kommune stengt ein barnehage utan at pålegg om retting blei gitt i form av enkeltvedtak med klagerett etter forvaltningslova. Vedtak om stenging blei likevel fatta som enkeltvedtak.

4. Merknad

Kommunen sitt delegeringsreglement er ikkje oppdatert i høve til gjeldande barnehagelov, og underskrifter på godkjenningsvedtak stemmer ikkje med vedtatt delegering.

5. Gjennomføring

Tilsynet vart gjennomført på følgjande måte:

Varsel sendt ut:	12.10.10
Formøte:	09.12.10
Intervju:	09.12.10

Sluttmøte:

15.12.10

I vedlegg 2 er det gitt eit oversyn over deltakarane i tilsynet.

6. Oppfølging

Fylkesmannen ber om tilbakemelding frå Klepp kommune om korleis avvika i rapporten er følgde opp innan 1.april 2011.

Vedlegg 1: Dokumentunderlag for Fylkesmannen sitt tilsyn

Materiale tilsendt frå Klepp kommune:

1. Organisasjonskart for kommunen
2. Delegeringsreglement for kommunen
3. Oppgåvefordeling
4. Tilsynsrutinar
5. Mal for tilsyn
6. Referat frå utviklingssamtalar i kommunale barnehagar
7. Tilsynsrapportar frå private barnehagar
8. Kvalitetsplanar for kommunale barnehagar
9. Vedtak om godkjenning av barnehagar
10. Avtale om bygging av barnehage
11. Vedtak om stenging av barnehage, referat

Vedlegg 2:

Oversyn over personane frå kommunen som var direkte involverte i tilsynet

Tabellen under gir oversyn over deltakarane frå kommunen som deltok i opningsmøte, intervju og sluttmøte.

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Svein Tore Åtland	Rådmann			X
Trond Roy Pedersen	Kommunalsjef skole/ barnehage	X	X	X
Åse Kyllingstad Hatteland	Barnehagesjef	X	X	X
Margot Bekkeheien	Styrar Borsheim barnehage	X	X	X
Birgit Strand	Styrar Kleppstemmen barnehage	X	X	X
May Britt Stange	Styrar Ormadalen barnehage	X	X	X
Grete Kristoffersen	Styrar Klepp familie- og friluftsbarnhage	X	X	X

Frå Fylkesmannen deltok rådgivar Jorunn Helland, rådgivar Randi Gording og rådgivar Hanne Sørli Ronæss, med sistnemnde som revisjonsleiar.